



### #3 Sommargater som test av nye løysingar

I ei sommargate vert alle mjuke trafkantar vinnarar. Om folk ruslar roleg på fritida, har hastverk på veg til eit møte, spring, rullar, hinkar eller sykklar, så er tilhøva gode for alle.

Ei utfordring når det gjeld gatebruk for gåande og syklande, er at fleire ønskjer og tek til å gå og sykle sommarstid enn vinterstid, men gatene er dei same året rundt.

For å gje innbyggjarane dei beste tilhøva for å bruke beina og sykkelen på den tida av

året der potensialet er størst, er det mykje å hente om ein finn gode gater og plassar som kan bli gågate eller sykkelgate i ein periode på 3-4 månader.

Konkret inneber tiltaket at ein fyrst finn ut kva gater og plassar som er aktuelle. Etterpå vert desse sett saman til ein heilskap som heng i hop med sykkel- eller gåvenlege strekkingar som allereie finst og som allereie er mykje brukt.

Dei flyttbare elementa som gjev kvalitet i gata må planleggast og skaffast i rett tid, slik at sommargata kan stå klar seint på våren eller til forsommaren året etter.

#### Dei viktigaste fordelane er at

- folk som ikkje er vande med å sykle får ei ny kvardagserfaring
- gata har plass til blomsterkasser, sitjeplassar og anna flyttbart møblement som er mykje brukt sommarstid
- det gjev rom for næringsdrivande som ønskjer å nå folk utanfor butikken sin
- næringslivet dreg nytte av at folk blir lenger i området og spanderer meir
- det gjev moglegheit til å undersøkje kva effekt og verknad ulike tiltak for gåande og syklande har
- tiltaket er reversibelt
- tiltaket krev ikkje omregulering

#### Ver merksam på at

- lokale planmyndigheiter må gje føresegn til eventuelle midlertidige tiltak i gata
- planleggjarane kan verte ei flaskehals, om det er mykje som skal vurderast på ein gong
- næringslivet bør involverast i prosessen





# SOMMAR GATA

APRIL - OKTOBER



## VAD ÄR EN GÅGATA?

- Korta gator, är en håll nere farten.
- Begränsat utrymme för tillfälliga trafikant.
- Motorfordon får inte gå gatan vid varuleveranser.
- Lastning/lossning ska ske på och avstigning.

Vill du veta mer?  
[malmo.se/sommargata](http://malmo.se/sommargata)



**SYKLISTFORENINGEN**  
Syklistenes Landsforening